FØREORD

Her kjem eit hefte vi vonar vil vera til glede og nytte for alle som driv med songdans! Heftet inneheld 11 viser og stubbar med tilknyting til Hordaland. "Kakelinna" er det Geirr Lystrup som har skrive, men dansemåten er laga i Hordaland. Vi har fått løyve til å bruka visa i dette heftet.

Arbeidet med nye songdansar frå Hordaland byrja i 1984. I Bondeungdomslaget i Bergen har det lenge vore sterk interesse for songdans, og vi hadde stor glede av dei nye og gode songdansane som vart introduserte på 80-talet m.a. frå Trøndelag og Gudbrandsdalen. Dette inspirerte oss til å gå igang. Vi ynskte å få fleire av dei gode, gamle vestlandsstubbane i bruk som danseviser, og det har det vore spanande å skapa noko nytt, noko som ingen har brukt før. Ved å ta i bruk lokale viser, vonar vi at fleire grupper vil verta interesserte i songdansen vår. "Her e' me grannar" og "Ola, so heite guten min" er alt kjente i ein del songdansmiljø og har vorte godt mottekne.

Mange har delteke i arbeidet, dei fleste med tilknytting til Bondeungdomslaget i Bergen. Vi har nytta vanlege leikøvingar til å prøva ut dei nye dansemåtane. Ruth Anne Moen har transkribert dei fleste melodiane frå Arne Bjørndal-samlingane på Universitetet i Bergen, medan Ole B. Ekornes har handteikna alle notane. Sveinung Iversen har gjeve oss løyve til å nytta fleire av bileta sine som illustrasjonar i heftet.

Alle nemningar på steg, tak m.m. fylgjer same definisjonar som i boka *Norske Folkedansar - Songdansar* (Noregs Boklag/Det norske Samlaget 1985). Vi har prøvd å nytta viserytmen til å finna fram til dei ulike dansemåtane. Det vil seia at viser med bygdedansrytme har motiv frå bygdedansen, medan til dømes "Her e' me grannar" har motiv frå polkamasurka. Etter kvar dansevise står det litt informasjon om tekst og melodi. Dersom du veit meir om om visene, så set vi pris på å høyra frå deg!

Mange av visene er godt eigna dersom ein vil ta i bruk folkeleg song på leikøvingane. Alle kan likevel ikkje syngja "sin" versjon. Som instruktør må du læra deg songen frå notane, men vi oppfordrar alle til å "ta tak i stoffet" og gå litt vidare! Det er viktig å gå attende til kjeldene med visse mellomrom. Alle songane i heftet finst på opptak, unnateke "Smalavisa"og "Jifta deg jenta".

Det ligg mange viser og ventar om fleire vil gjera som oss. Det er berre å prøva! Dersom visa er god, vil ho overleva og verta brukt, viss ikkje vil ho gå i gløymeboka!

Til slutt rettar vi ein takk til alle som har hjelpt oss med å få ferdig dette heftet.

Lukke til med dansen!

Våren 1995

Reidun Aske Ole B. Ekornes Astrid Sirnes Steinar Øydvin


OM GAMAL SONGSTIL

Mange av visene i dette heftet er godt eigna for den gamle syngemåten. For dei fleste av oss som ikkje har fått denne songstilen inn med morsmjølka, kan han vera vanskeleg å få tak på, men ein må ikkje vera redd for å prøva seg.

Vi ynskjer å gje nokre tips om korleis du kan ta fatt på oppgåva. Fyrst vil vi få minna om at folkesongen har overlevd og vorte overført munnleg, frå "øyra til øyra". Difor er det særs viktig at vi brukar tid på å lytta til tradisjonsbærarane våre. Vi er vane med å gå rett på tonen. I folkesongen er der m.a. både "ledetonar", føreslag, krullar og fargelegging med gamal tonalitet. Vi må på ein måte trena opp att øyra våre, stilla oss inn på ein "ny" (dvs. gamal) frekvens.

Særmerkt for den folkelege songstilen er sjølve stemmebruken, og at ein syng på konsonantane. Det er gjerne talestemma som er i bruk, vi "snakke-syng", og verkeleg *brukar* konsonantane, både harde og mjuke. Somme vokalar kan bli litt kortare, andre fell heilt vekk, som t.d. i *gut'n*, i staden for *guten*. I starten av eit vers vil ein ofte "ta sats" og bruka ein annan tone som springbrett til den tonen du eigentleg skal til.


Som t.d.:



*Dette blir gjerne kalla **bøyning** (langsom), eller **føreslag** (rask).*

Like etter at ein har byrja på ein tone, kan ein gå svært raskt ein tone opp eller ned, og attende.

Som t.d.:



Dette er gjerne notert med ^ over den stavinga dette gjeld.

Dette blir også brukt elles i verset. Når du øver inn denne varianten, så få tak i alle tonane, syng gjerne seint i byrjinga og auk farten etterkvart. Denne metoden brukar du òg på andre variantar av krullar, der fleire tonar er involverte.


Det er svært vanleg å byrja på neste ord (staving) på tonen du skal forlate og ta "heisen" til neste tone, opp eller ned. Obs!: "heisen" må ikkje gå for seint! Det er god framdrift i folkesongen, det vil du merke når du prøver å syngja i lag med røynde utøvarar.

Ein kan ikkje lesa seg til denne kunnskapen. Det aller viktigaste er å *lytta* til utøvarar, gjerne til eldre songarar som har den gamle, naturlege tonaliteten. Dette er ein viktig del av folkesongen.


Som sagt, bruk tid på å lytta og herma. Lytt "kritisk", finn ut kva songaren gjer, og spør deg sjølv om du gjer det same. (Det er lov å vera apekatt!) Det finst ikkje fasit i dette faget, men ver audmjuk i høve til stoffet og tru mot kjeldene dine.

Eit godt råd: Ikkje overdriv krullar og ornamentering. For mykje krydder er ikkje alltid det beste!

Til slutt presenterer vi ein song der vi har notert på litt krullar o.l. Dette er ikkje ein fasit, men eit døme på korleis det *kan* gjerast.



God song!




«Skodda lettar«

Sveinung Iversen er fødd 22.02.54 og busett på Voss. Han er utdanna ved Bergen Kunst- handtverkskule 1973.- 1977. Iversen debuterte på Haustutstillinga 1976, og har seinare hatt over 30 separatutstillingar. Bileta er innkjøpt av mellom anna Nationalgalleriet, Riksgalleriet og Bergen Billedgalleri.

Sveinung Iversen har desse åra arbeidd med ulike uttrykksformer, på papir: teikningar, akvarellar eller etsingar.Mange av motiva er inspirerte av vestlandsnaturen, reine oppstillingar eller fri fantasi. Sveinung Iversen arbeider gjerne i seriar med innbyrdes slektskap mellom bileta. Drivkrafta hjå Iversen er gleda over å sjå og skapa.

HER E' ME GRANNAR



OPPSTILLING	I ring med færøytaket.
STEG	Kvilesteg, sidesteg frå polkamasurka (SSs), bytomfotsteg frå polkamasurka (SSS)
Takt 1 - 8	KVILESTEG Alle dansar 4 kvilesteg.
Takt 9 - 10 *"Han fær begynna han som e' eldst,"*	SIDESTEG TIL VENSTRE Alle vender seg med front inn i ringen og dansar 2 sidesteg frå polkamasurka mot venstre. Dei startar med venstre fot.
Takt 11 - 12 *"so ska me syngja like til kvelds."*	PARVIS RUNDT MOTSOLS - 2 BYTOMFOTSTEG Alle slepper taket med framand dansar. Dei dansar parvis ein gong rundt motsols på 2 bytomfotsteg. Guten dansar bakover og jenta framover. Begge tek til med venstre fot.
Takt 13 - 16 *"Tral-la-la-la-....."*	KVILESTEG Alle tek saman i ring med færøytaket og dansar 2 kvilesteg. Ta oppatt verset utan stogg.


Her e' me grannar tre uti lag,
kom lat oss té å syngja.
Ka ska me finna på té behag
ken tå oss ska begynna?
Han fær begynna han som e' eldst
so ska me syngja like til kvelds.
Tral-la-la-la-la-la-la-la-la,
tral-la-la-la-la-la-la.

OPPLYSNINGAR

Dette verset har vi etter Nils Møllerup frå Fana. Møllerup var mykje brukt som kjømeister, og nytta truleg visa i ymse samanhengar. Vi har og funne visa att i *Norske minnestykke*, Norsk Folkeminnelag, av Ivar Aasen, 1923 s.117 som "Værskaps - Saang". Dei fire fyrste linene er heilt like. "Værskaps - Saang" kjem frå Skånevik, Sunnhordland. Visa har 6 vers med 8 liner i kvart vers. Vi har òg funne visa i telemarksdrakt etter Rikard Berge.

Atle Mildestveit har laga dansemåten til denne visa. Ruth Anne Moen har transkribert melodien etter opptak frå folke-musikkhalvtimen på NRK. Melodien går i polkamasurka-takt.

NØRINGEN



OPPSTILLING	I ring med færøytak
STEG	Attersteg, kvilesteg, gåsteg I (S), bytomfotsteg frå gangar (STS)
Takt 1 - 8	ATTERSTEG Alle dansar 2 attersteg og 4 sviktar av neste. På den 3. og 4. svikten trør dei VS og set høgre fot inntil på HS medan dei vender seg langsetter ringen og tek saman som til kvilesteg.
Takt 9 - 12 *"(Å) hadde eg aore..."*	KVILESTEG Alle dansar 1 fullt kvilesteg (frå 1. svikt) og 2 sviktar av neste.
Takt 13 - 16 *"(dao)skulde eg komma té deg, ja té deg, ja té deg,"*	ATTERSTEG Alle vender mot sentrum av ringen og tek saman som til atter steg, og dansar 1 fullt attersteg (frå 1. svikt) og 2 sviktar av neste.
Takt 17 - 18 *"(dao) skulde eg koma té deg",*	PARVIS ETTER KVARANDRE - 4 GÅSTEG Alle slepper taket med framand dansar. Dei tek saman parvis med livtaket (som i rudl) og stiller etter kvarandre i ringen. Dei tek til med venstre fot, og dansar 4 gåsteg framover i ringen med sola.
Takt 19 - 20 *"(eg) veit no so vel ka du vé meg."*	PARVIS INN PÅ PLASS - 2 BYTOMFOTSTEG Alle dansar eit bytomfotsteg framover i ringen, og eitt bytom fotsteg inn på plass att på ringen. Jenta dansar det siste steget attlengs. Ta oppatt verset utan stogg.

Eg ser deg, eg ser deg, men eg kan ikkje koma té deg.
Eg ser deg, eg ser deg, men eg kan ikkje koma té deg.
Å hadde eg aore å baot'n va gò
og fjortan té styra og saukjan té ro,
dao skulde eg komma té deg
ja té deg, ja té deg,
dao skulde eg komma té deg,
eg veit no so vel ka du vé meg.

aore: årar - ***saukjan:*** sytten

OPPLYSNINGAR


Dette er eit slåttestev i rudletakt med same namnet som slåtten. "Nøringen" er ein bryllaupsslått, som vert spela om morgonen 3. dagen når folk skal vakna. Skikken er frå Hardanger og Voss. Songen lærte Margreta Opheim i Myrkdalen då ho var lita. Slåtten er òg kjent i Sunnfjord ("Morgonslått"), Sogn og Valdres ("Grålysingane"). Songen finst i ulike variantar.

Verset vart sunge av jenta som stod på den eine sida av Vangsvatnet (ved sundet) og såg over til guten sin. Kjelde: *Songane hennar Margreta*, Ole Bull Akademiet, Voss 1988, s.56. Transkribsjon: Einar Mjølsnes. Vi har transponert melodien til G-dur. Songen finn vi og på kassetten: *Margreta Opheim*, Mo 1983.



«Berøring»

ADAM I PARADISET



OPPSTILLING	I ring med færøytaket
STEG	Attersteg, sidesteg frå polkamasurka (SSs), bytomfotsteg frå polkamasurka (SSS), sluttsteg (1½ svikt)
Takt 1 - 12	ATTERSTEG Alle dansar 6 attersteg.
Takt 13 *"Tru om da va' råd,"*	GUTEN: SIDESTEG FRÅ POLKAMASURKA JENTA: BYTOMFOTSTEG - INN I RINGEN Alle slepper taket med framand dansar. Guten dansar 1 sidesteg mot venstre, medan han svingar jenta inn framfor seg slik at ho får ryggen inn i ringen. Jenta dansar seg inn på 1 bytomfotsteg (SSS). Begge tek til med venstre fot.
Takt 14 *"seg ei kjerring få,"*	SIDESTEG FRÅ POLKAMASURKA - JENTA MED RYGGEN INN I RINGEN Dei tek no saman med samdanstak som i polkamasurka og dansar 1 sidesteg. Guten tek til med venstre og jenta med høgre fot.
Takt 15 -16 *"trygg i seng og god i sæte."*	PARVIS RUNDT MEDSOLS - BYTOMFOTSTEG Alle dansar ein gong rundt med sola på 2 bytomfotsteg (SSS). Jenta stoggar framfor guten med ryggen inn i ringen på høgre sluttsteg og set ledig fot inntil. Ho dansar seg inn att på ringen på første attersteg i neste verset.

ADAM I PARADISET

1. Adam rùndt i Paradiset gjekk og slong,
åt på eple og på nete'.
Høyrde berre litavetta fuglasong,
ikkje noko anna lete.
Vart da altfor stussleg sette han seg ne',
grunda på kvi han so einsleg sku' vé té.
Tru om da va' rå',
seg ei kjering få,
trygg i seng og god i sæte.

2. La han seg so té ein heite solskinnsdag,
strekte kroppen godt i bakkjen.
Sov og raut rett godt té kvelds da lei'
pålag,
vakna støl og stiv i nakkjen.
Famla ette tobakksdåsi, tok ei skrå,
gneka augene, og rett so fekk han sjå;
du og du fø bin,
jenta ferm og fin,
just ho knepte på seg stakkjen.

3. No dei donte seg så godt ei vekes tid,
drakk på mjelk ogåt på rjome.
Solte seg me' kjydna gjekk borti ei li,
so da laga e' fø' somme.
Men so da her med stakkars Adam bar i veg
ha' da ofta gått me både deg og meg.
Strekk ein seg for langt,
går då skit med mangt,
seint ein tregar ein var domme!

4. Just som Eva bort i kunnskapseple beit,
og ga mannen sin å smaka.
Huskestova vart da so me adla veit,
va' visst fanden sjøl å takka.
Sidan vart da vondt om mat og kle og sko,
og den naudo ha no halde seg té no,
margarin e' dyrt,
korn og mjøl e' ryrt.
E' knapt rå' om slikt å snakka

2. ***raut:*** av å ryta / snorka -2. ***eit bin:*** eit syn -3. ***donte:*** å dona / pusle og stelle (sjå ill.)
4. ***ryrt:*** lite av


OPPLYSNINGAR

Steffen Eide skriv:
"Far min (Sigurd Eide) fann i si tid (rundt byrjinga av krigsåra, trur eg) denne teksten i ei Hardangeravis (truleg Hordaland Folkeblad ev. ei avis lenger inne i Hardanger. Foreldra mine held og Haugesunds Avis i ein periode).

Han sette til ein tone han fann passa, og nytta den seinare som kjømeistervise. Han nytta berre dei to fyrste versa, som han likte best, og la til når han hadde sunge desse at han ikkje våga syngja dei to siste versa. Underforstått var at desse var for "grove" til å framførast. Dette slo alltid an, men eg opplevde aldri at han nokonsinne let seg overtala til å framføra desse siste versa, sjølv om publikum prøvde overtala han. Utan far min og meg sjølv, så veit eg ikkje av andre (mogleg med unntak av Hans Aase, Tørvikbygd, som kan ha fått denne av mor mi) som har nytta visa."

Transkribert av Steinar Øydvin etter kassett: *Med ristetak og krøll på tonen,* Knut Hamre og Steffen Eide, Hardanger Ungdomslag 1983.

DYREBRYDLAUP I SKOGEN



OPPSTILLING
I ring med færøytaket.

STEG
Attersteg

Takt 1 - 8

ATTERSTEG
Alle dansar 2 attersteg og 4 sviktar av neste.

Takt 8 - 12
"Bjødnen visste seg ingjen råd uti skogjen".

GUT OG JENTE DANSAR EIN GONG RUNDT KVARANDRE - ANSIKTET INN I RINGEN
Alle slepper taket med framand dansar. Gut og jente held saman med det lette taket og dansar rundt kvarandre ein gong. Under runddansinga held dei kroppen vendt inn i ringen. Dei held armane høgt, løyser litt opp på handtaket for at dei lettare skal kome rundt kvarandre. Dei brukar dei to siste taktene av attersteget + eit heilt attersteg på runddansinga. Attersteget i brigdet dansar dei slik:

Guten dansar tilsides mot høgre bak jenta på HSs, og inn i ringen på VS og set høgre fot inntil på HS. Han har no bytt plass med jenta. Så dansar han tilsides, under sin eigen arm, mot venstre framfor jenta på VSs og bakover og inn på plass på HSs.

Jenta dansar på skrå mot venstre inn i ringen på HSs. Så dansar ho tilsides under sin eigen arm mot venstre framfor guten på VS og trør bakover, litt på skrå mot høgre på HS. Jenta har no bytt plass med guten. Ho dansar tilsides fram på skrå mot høgre på VSs og inn att på plass på HSs.
Dei held fram med neste vers utan stogg.

DYREBRYDLAUP I SKOGEN

1. Bjødnen sat i bakkjen, mangt så mune han hugsa.
   Ska eg yve dan breie fjord so vette ho vaot mi buksa.
   Bjødnen visste seg ingjen råd uti skogjen.

2. Sete har eg den heile natt, med gråt og ille låt.
   Hallvard lån meg skuta di, meg bere slett ingjen båt.
   Eg e' beden i brydlaupsgard uti skogjen.

3. Hanen gav ein flattbrødleiv, henta han i eit stabbur,
   spente sparka, gjorde seg té, og gol eit kukkelikurr.
   Hanen var deira songmeistar uti skogjen.

4. Skjore ho var skjenkjarsvein, i mykje mannatrong.
   Ho kunn' ikkje seg på golve snu, fø velet da va fø longt.
   Skjore ho var kjedlarmann uti skogjen.

5. Opp sprang sporven lystig og gla', dansa han vilde me' merra.
   Akta deg du stora grå merr at ikkje eg trø' deg forderva.
   Eg e' beden i brydlaupsgard uti skogjen.



1. ***mune:*** kunne - 4. ***mannatrong:*** trengsel - 4. ***velet:*** stjerten - 4. ***kjedlarmann:*** det same som skjenkjar-svein; ansvarleg for drikka i gildet

OPPLYSNINGAR

Vi har denne visa etter Margreta Opheim, Voss. Margreta lærte songen av mora, som song han for borna då dei var små. Opphavet til visa er truleg "Rabnebrydlaup". Visa har 35 vers, og fortel om eit innhaldsrikt dyrebryllaup i skogen. Ravnen og trana skal gifta seg, og alle dei andre dyra kjem! I Margreta sin versjon er 5 av dei 35 versa i "Rabnebrydlaup" med.

Dette er truleg eit **høvesdikt** frå 16 - 17- hundretalet. Desse var ofte dikta på dialekt og vart skrivne til bestemte brullaup innan embetsstanden.


Visa om ravnebryllaupet er den fyrste norske folkevisa som vart prenta, på eit flygeblad frå 1647. Variantar av "Rabnabrydlaup i Kråkelund" finn vi fleire stader; Sogn, Hallingdal og Østerdalen. Visa har truleg kome til Noreg frå dei slaviske landa. Eit svensk prent er frå 1633, og frå Tyskland kjenner vi visa frå 1650. Visa har mange ulike melodiar.

Litteratur: Arne Bjørndal: "Eldste norske folkeviseprentet" (Syn og Segn 1947 s.457 ff) Transkribsjon: Ruth Anne Moen etter kassetten *Margreta Opheim*, Mo 1983 Sjå òg *Songane hennar Margreta*, Ole Bull Akademiet, Voss 1988, s.32-33.



«Tomt hus»

KAKELINNA



OPPSTILLING
I ring med færøytaket

STEG
Kvilesteg, bytomfotsteg frå reinlender (SSSs), hoppsteg (S^hs), gåsteg I (S), sluttsteg (1 ½ svikt)

Takt 1 - 8

KVILESTEG. - PARVIS MOT KVARANDRE - APPELLAR
Alle dansar 4 kvilesteg og 4 sviktar av neste. Dei slepper taket og vender parvis mot kvarandre og stoggar på 3 lette appellar H V og set høgre fot inntil med appell, men utan tyngd.

Takt 9 - 10
"Lefse, lompe, stompe dompe, snippe, snuppe, honning-"

PARVIS PÅ RINGEN - BYTOMFOTSTEG TIL HØGRE - BYTOMFOTSTEG TIL VENSTRE
Gut og jente står parvis mot kvarandre på ringen Dei tek til med høgre foten og dansar 1 bytomfotsteg til sides mot høgre, - guten ut av ringen og jenta inn i ringen. Så dansar dei 1 bytom fotsteg attende tilsides mot
venstre - guten inn i ringen og jenta ut av ringen. Begge tek til med venstre fot.

Takt 11 - 12
"kake duppa i sukker og lake."

PARVIS RUNDT - HOPPSTEG
Gut og jente tek saman med samdanstak nr. 4. Dei tek til med høgre foten og dansar ein gong rundt med sola på 4 hoppsteg.

Takt 13 - 14
"Skrylla mi er feit og god,
ei krommelkake må du"

PARVIS PÅ RINGEN - BYTOMFOTSTEG TIL HØGRE - BYTOMFOTSTEG TIL VENSTRE
Dans oppatt som takt 9 - 10.

Takt 15 - 16
"smake. Et meire
biteti."

PARVIS RUNDT - HOPPSTEG - APPELLAR
Gut og jente tek saman med samdanstak nr. 4. Dei tek til med høgre foten og dansar 2 hoppsteg rundt med sola og snur seg inn att på plass på ringen med 3 lette appellar H V H.

KAKELINNA

1. Eg var liten loddseljar
kom inn på Søre Jorde,
Skjønar 'kje no at eg torde.
Komen innom døraglytten
drog dei meg innåt bordet,
gamla kom med traktement:

omkvede:
-Lefse, lompe, stompe, dompe,
snippe, snuppe, honningkake
duppa i sukker og lake.
Skrylla mi er feit og god,
ei krommelkake må du smake.
Et meire biteti! -

2. Gamla sto og truga meg te
tøyge ut magamålet,
under kva vomba kan tåle.
Straks eg åt eit romebrød
la ho fram eit nytt på skåle,
nytta ikkje takke nei.
-Lefse, lompe, stompe...

3. Magen tok te vrenge seg
og verke, eg gret meg sinna,
ingenting beit på vertinna.
Heten steig, i buksa blei det
reinaste kakelinna,
i den søte juletid.
-Lefse, lompe, stompe...

4. Gamla Søre Jorde kjøpte
ikkje noko lodd, for gjesten
rømte på ullsokkelesten.
Rømte heim med 24
uselde lodd bak vesten
i kransekakelotteri.
-Lefse, lompe, stompe...

OPPLYSNINGAR

Geirr Lystrup budde frå 78 - 83 i Lom i Gudbrandsdalen. Her lærte han seg fleire gamaldansslåttar. Denne reinlenderen lærte han av Knut Kjøk og Rolf Brimi. Desse tre danna gruppa "Godtfolk" og gav ut plata "Ha ti dæ" i 1983. På denne plata var det tradisjonelle gamaldansslåttar frå Gudbrandsdalen med nyskrivne tekstar. "Ha ti dæ" er og undertittelen til "Kakelinna". Reinlenderslåtten er godt kjent på Austlandet under fleire namn, men mest kjent som Brimi reinlenderen etter Hans Brimi.


Geirr Lystrup fortel at teksten byggjer på eigne barndomsminne og fantasi. Visa illustrerer eit svært viktig innslag i norsk kulturliv, nemleg loddsalg, kaffidrikking og servering.

Dette er den siste visa vi har laga dansemåte til. På ei leikøving hausten '93 laga vi to ulike variantar, og dette er den dansemåten som fall mest i smak. Det finns truleg fleire dansemåtar til denne visa andre stader i landet. Kjelde: Geirr Lystrup: *Grendeviser og graffiti*, Aschehoug - Oslo 1986 s.14. Songen er òg på plata *Ha ti dæ* Juni 1983



«Katt I»

TELE, TELE, TELE, KATTEN HADDE EI FELE



OPPSTILLING	I ring med færøytaket
STEG	Kvilesteg, sidesteg frå polkamasurka (SSs), gåsteg I (S) snurresteg (ST), sluttsteg (1½ svikt)
Takt 1 - 14	KVILESTEG Alle dansar 7 kvilesteg.
Takt 15 - 16 *"me' gullband om halsen."*	2 SIDESTEG Alle vender føtene inn i ringen og dansar 2 sidesteg frå polka masurka (SSs). Dei tek til med venstre fot.
Takt 17 - 18 *"(Me') sjonaleistar og krotaskor"*	2 GÅSTEG + SLUTTSTEG. JENTENE RYGGEN INN MOT SENTRUM Alle slepper taket med framand dansar. Guten fører jenta fram for seg inn i ringen slik at ho blir ståande rett framfor guten med ryggen mot sentrum av ringen. Dei dansar 2 gåsteg og stoggar på venstre sluttsteg (1½ svikt) og set høgre fot inntil. Dei startar med venstre fot. Guten trør gåstega på staden.
Takt 19 - 20 *"(dei) fedle so godt i dansen."*	PARVIS RUNDT MED SOLA PÅ 3 SNURRESTEG. + SLUTTSTEG. (1½ svikt) Gut og jente tek saman med samdanstak nr. 4 og dansar 3 snur resteg (ST) ein gong rundt medsols. Begge tek til med høgre fot. Dei dansar seg ut att på ringen på høgre sluttsteg (1½ svikt) og set ledig fot inntil.

Tele, tele, tele, katten hadde ei fele.
Hunden hadde lokkantut,
lokka bådne' inn og ut.
Smao pikor og drengjer,
ganga itte sylvstrengjer
og leikar i valsen me' gullband om halsen.
Me' sjonaleistar og krotaskor,
dei fedle so godt i dansen.

sjonaleistar:- sokkar strikka av kvitt ullgarn med mangefarga mønsterbord langs kanten
krota skor: sko som er utskorne / pynta i læret


OPPLYSNINGAR

Dette er ei barnevise som vi har etter Margreta Lutro Ullensvang. Margreta lærte songen av besta si. Ho var då i nitti-årsalderen (1787-1884).
Visa er kjent frå Nordmøre (Edvard Fliflet Bræin) og sørover med noko ulik tekst.
Transkribsjon: Ruth Anne Moen etter lydbandopptak frå Arne Bjørndal-samlingane(L-7964-EAA).



«Katt II»

OLA, SO HEITE GUTEN MIN



OPPSTILLING	I ring med færøytaket.
STEG	Kvilesteg, springsteg (S), steg frå springar I (SS^hs)
Takt 1 - 6	KVILESTEG Alle dansar 3 kvilesteg.
Takt 7 *"skjenkje han øl og"*	JENTA UNDER ARMEN TIL GUTEN - 3 SPRINGSTEG Alle slepper taket med framand dansar. Jenta snur mot guten ein gong rundt motsols under armen hans. Ho brukar 3 springsteg (VS HS VS). Guten trør stega på staden.
Takt 8 *"brennevin."*	GUTEN UNDER ARMEN TIL JENTA - 3 SPRINGSTEG Guten snur mot jenta ein gong rundt medsols under armen hennar på 3 springsteg (HS VS HS). Jenta trør stega på staden.
Takt 9 - 14 *"Aldri so smak'an ..."*	KVILESTEG Alle tek saman i ring og dansar 3 kvilesteg.
Takt 15 - 16 *"Ola, so heite guten min."*	PARVIS RUNDT MOT SOLA Alle slepper taket med framand dansar, utan å forandra taket med eigen dansar og dansar parvis ein gong rundt mot sola. Guten dansar bakover på 2 steg frå springar ($VS\ HS^hs$). Jenta dansar 6 springsteg framover. Ta oppatt verset utan stogg.

Ola, so heite guten min,
stend utfø glaset glytte han inn.
Gjeng eg ut so ber eg han inn,
skjenkje han øl og brennevin.
Aldri so smak'an nokon ting
før han ha fengje rjomakling.
Sylja i bring or ring på fing,
Ola, so heite guten min.


stend utfø: står utanfor - ***ljoma kling:*** rømme kling / lefse - ***bring:*** bringa / brystet

OPPLYSNINGAR

Slåttestev etter springaren "Nordefjorden". Denne forma har vi etter Marta Hauso frå Ulvik i Hardanger. Arne Bjørndal meiner det var spelemannen og rosemålaren Knut Lurås som lærte slåtten på Vestlandet, og som i lag med Myllarguten seinare spreidde slåtten. I dag kjenner vi slåtten frå mange kantar av landet. Bjørndal meiner at slåtten er bygd over to ulike stevtonar frå Vestlandet. Namnet på slåtten kjem ikkje frå Nordfjord, men truleg frå Osterfjorden som òg har vore kalla Nordefjorden. Det kan og vera ytste delen av Sognefjorden (Norafjor'n). Sjå Arne Bjørndal: *Norsk Folkemusikk*, Bergen 1952, s.203-238


Teksten har mykje felles innhald med slåttestevet "Gjerki Haukeland", eit slåttestev i hallingtakt (eller rull som Arne Bjørndal har notert).Vi finn visa att m.a. i Hallingdal,(Gunnlaug Lien Myhr, Gol, på kassetten: *Buskerud-tonar med tradisjonar*)

Transkribsjon: Ruth Anne Moen etter opptak frå Arne Bjørndal-samlingane,195(EFA596)
Sjå og "Stùndo e' mi kjerring so go".



«Smalahove»

SMALAVISA



OPPSTILLING	I ring med færøytaket
STEG	Kvilesteg, hoppsteg (S^hs)
Takt 1 - 8	KVILESTEG Alle dansar 5 kvilesteg og 2 sviktar av neste.
Takt 9 - 12 *":/:Saudi du di lam dam, saudi du di lam :/:*	:/: JENTA FRAMOM GUTEN - GUTEN FRAMOM JENTA :/: - 8 HOPPSTEG Alle slepper taket med framand dansar og tek saman med det lette taket med eigen. Dei held taket høgt så dei kan danse under armen. Jenta dansar framom guten på 2 hoppteg på innsida av ringen og inn framfor han. Guten trør stega mest på plassen. Begge tek til med venstre fot. No dansar guten 2 hoppsteg framom jenta på utsida av ringen, medan jenta trør stega på sta den. Dei dansar oppatt det same, og held fram med neste vers utan stogg.
Siste verset: *"Men sauena et gras og para seg...."*	Siste verset: Alle dansar 2 **attersteg** og 2 sviktar av neste. På dei to neste sviktane dansar dei VS - HS. Denne delen dansar dei litt rolegare. Så dansar alle oppatt takt 9 - 12 i vanleg tempo.

SMALAVISA

1. Ja, låna du meg no eit øyra eller to,
så ska du få eit hove og ein liter blo,
og noken vers tå denna smalaviso mi
om sauasanking og om ull og slakteri.
:/: Saudi du di lam dam, sau di du di lam, :/:

2. Sjå sankarane fer og spring i fjedl og fidn,
me kikkert i ei reim og nysmidd bjørkepidn,
og gaula da dei kann og badna adle mann,
at no ha bjødn fengje sauablo på tann.

3. Fø bjødlesauen e' da ingjen so kann sjå;
da spørst om han i sommar togg sitt sista strå.
Og storeveren står og grev oppi ei to
og leve på diett tå stein og tidle snjo.

4. Men heimatt kjem dei då me kver sin sauaflokk
og våte sko og kle og dubbelsidig brokk.
Og somme ha funne ein, og somme ha funne alt,
og ein ha funne fleir, og hine ha 'kje talt.

5. Men sauena tykkje vel at da e' mager takk
å verta kledde tå og lagde på ein krakk,
og malne opp te korv og kokte borti kål
og røykte øve glo og svidde på eit bål.

6. Men saue må me ha, da e 'kje snakk om da.
Da e 'kje rett me maten ifrå andre ta!
Oljo kann ve bra, so lengje so ho redn;
gull og gråe skoga vert da når ho bredn.

7. Men sauena et gras og para seg -
i lengda e' da da so svara seg.
:/: Saudi du di lam dam, sau di du di lam, :/:
- BÆÆÆÆÆÆÆ -

2. ***fengje:*** å få - fått - 3. *to:* lita grasvaksen hylle i eit berg - 3. ***tidle snjo:*** tidleg snø -
4. ***hine:*** dei andre


OPPLYSNINGAR

Ottar Wiik skriv:
"Visa laga eg i 1976. Då var eg 24 år. Eg hadde endevendt stoffet ei stund, før bitane fall på plass, på ein kafé i Bergen av alle stader!

Eg er oppvaksen med saue og sauesanking som ein del av kvardagen på Eidslandet i indre Osterfjorden. Visa er eit forsvar for sauen. Sauen er faktisk eit bærekraftig husdyr! Men han er ikkje so flink til å taala si eiga sak, endå det er eit *godt* hovud på han, etter min smak! Difor "Smalavisa"!"

KJELDE: *Syng Meir*, Det Norske Samlaget, Oslo 1982, s.142

IKODNE GJEKK PÅ VODLEN OG SLO



OPPSTILLING — I ring med færøytaket
STEG — Attersteg, bytomfotsteg frå gangar (STS)

Takt 1 - 6 — ATTERSTEG
Alle dansar 2 attersteg.

Takt 7 - 8
"(og) vetlepusekatt'n køyrde."


JENTA RUNDT GUTEN - BYTOMFOTSTEG
Alle slepper taket med framand dansar. Jenta dansar rundt guten mot sola på 2 bytomfotsteg. Guten trør stega på staden. Begge tek til med venstre fot. Guten fører jenta med høgre handa si framom seg og rundt bak ryggen sin. Dei slepper taket først når jenta er komen eit stykke bak ryggen på guten. Jenta dansar tett inntil guten under runddansinga. Guten løftar sin venstre alboge litt opp så handtaket med jenta kjem under venstre armen hans. Dei tek saman att med færøytaket når jenta er komen tilbake på plass, og dansar verset oppatt utan stogg.

Ikodne gjekk på vodlen og slo.
Høyrde du kor det snørde?
Skjore lesste, kråka drog
og vetlepusekatt'n køyrde.

snørde: lyden av ljåen


OPPLYSNINGAR

Margreta Opheim lærte denne songen av mora. Visa finn vi i ulike variantar frå Nord-Møre og sørover. Visa er kjent frå eldre utgåver av lesebøker for grunnskulen.
Kjelde: *Songane hennar Margreta*, Ole Bull Akademiet, Voss 1988, s.35. Transkribsjon: Einar Mjølsnes. Songen finn vi på kassetten: *Margreta Opheim,* Mo 1983.



«Erindring II»

STÙNDO E' MI KJERRING SO GO



OPPSTILLING	I ring med færøytaket
STEG	Kvilesteg, springsteg (S), steg frå springar I (SS^hs),
Takt 1 - 6	KVILESTEG Alle dansar 3 kvilesteg.
Takt 7 *"Stùndo gje ho "*	JENTA UNDER ARMEN TIL GUTEN - 3 SPRINGSTEG Alle slepper taket med framand dansar. Jenta snur mot guten ein gong rundt motsols under armen hans. Ho brukar 3 springsteg (VS HS VS). Guten trør stega på staden.
Takt 8 *"litegrand meir"*	GUTEN UNDER ARMEN TIL JENTA - 3 SPRINGSTEG Guten snur mot jenta ein gong rundt medsols under armen hen nar på 3 springsteg (HS VS HS). Jenta trør stega på staden.
Takt 9 - 14 *"Stùndo faor eg supan.."*	I RING MED KVILESTEG Alle tek saman i ring og dansar 3 kvilesteg
Takt 15 - 16 *"Tral-la-la-lala-la....."*	PARVIS RUNDT MOT SOLA - GUTEN BAKOVER OG JENTA FRAMOVER. Alle slepper taket med framand dansar utan å forandra taket med eigen dansar.Dei dansar parvis ein gong rundt mot sola. Guten dansar bakover på 2 steg frå springar ($VS\ HS^hs$). Jenta dansar 6 springsteg framover. Ta oppatt verset utan stogg.

STÙNDO E' MI KJERRING SO GO

Stùndo e' mi kjerring so go,
Stùndo e' ho so ò so.
Stùndo gje ho lefso heil,
stùndo gje ho litegrann meir.
Stùndo faor eg supan ò sild,
stùndo faor eg nett da eg vil.
tral-la-la-la-la-la-la-la,
tral-la-la-la-la-la-la-la-la.

OPPLYSNINGAR


Margreta Opheim lærte visa i barneåra av eldre folk i Myrkdalen på Voss. Slåttestevet går i springartakt. Dette er same hardingfeleslåtten som "Ola, so heite guten min"; "Nordefjorden". Melodistrofene er henta frå ulike stader i slåtten. Verset er kjent i Hardanger, på Voss og i Sogn. Dansemåten er den same som på "Ola, so heite guten min". Vi har valt å leggja til to liner med tralling på slutten av visa p.g. av dansemåten.

Kjelde: *Songane hennar Margreta*, Ole Bull Akademiet, Voss 1988, s.58. Transkribsjon: Ingrid Gjertsen.

Vi har transponert melodien til F-dur.

Songen finn vi på kassetten: *Margreta Opheim*, Mo 1983.

EIN GOLO GUT



OPPSTILLING	I ring med færøytaket
STEG	Attersteg, gåsteg frå rudl (S), bytomfotsteg frå gangar (STS).
Takt 1 - 12	ATTERSTEG Alle dansar 4 attersteg.
Takt 13 - 14 *"(men ein) golo gut ha eg valt meg ut, om han"*	PARVIS ETTER KVARANDRE MED SOLA - GÅSTEG Alle slepper taket med framand dansar. Dei tek saman parvis med livtaket (som i rudl) og stiller etter kvarandre i ringen. Dei tek til med venstre fot og dansar 4 gåsteg framover i ringen med sola.
Takt 15 -16 *"inkje eig meir enn ein torkoklut."*	PARVIS INN PÅ PLASS - 2 BYTOMFOTSTEG Alle dansar eitt bytomfotsteg framover i ringen, og eitt bytom fotsteg inn på plass på ringen. Jenta dansar det siste steget att lengs. Ta oppatt verset utan stogg.

Her e' giljarar, her e' vikjarar,
men da e' no'kje meir so eg lika da.
Gullfjordingar so da e' minsto tao,
da vilde eg da skje vò mesto tao.
Ein svarto kar vil eg inkje ha,
om han byo seg te meg me' hus og gard,
men ein golo gut ha eg valt meg ut,
om han inkje eig meir enn ein torkoklut.

giljarar: folk frå Giljane - ***vikjarar:*** folk frå Vik ved Vangsvatnet - ***Gullfjordingar:*** folk frå Gullfjorden - ***skje vò mesto tao:*** skulle vore mest av - ***svarto:*** mørkhåra karar frå Dyrvedalen - ***byo:*** byr, tilbyr - ***golo:*** lyshåra kar frå Gullfjorden - ***torko klut:*** tørke klut


OPPLYSNINGAR

Her er eit slåttestev i rudletakt etter Margreta Opheim frå Voss. Hardingfeleslåtten er kjent under fleire namn: "Golo gut", "Luråsen" eller "Gjerki Haukeland". Margreta fortel at teksten er om ei jente som var ekstra fin, ekstra flink, alt var ekstra med ho. Alle gutane ville ha tak i henne. Jenta hadde ein stor gard, og gutane samla seg utanfor huset, og det kom til slåsting. Då gjekk ho ut på dørhella og song dette stevet. Gutane slutta å slåst, og reiste heim att. Jenta i teksten er truleg Marta Gjednes.
Dette går for å vera ei vossevise, men er like mykje nytta i Hardanger. Ho har truleg same spreiingsområde som slåtten. Tonen er òg nytta i eit barnevers frå Kvam, etter Brita M. Fykse:
"Du vetle gut" *(Kvitrande fuglen)*
Kjelde: *Songane hennar Margreta,* Ole Bull Akademiet, Voss 1988, s.56. Transkribsjon: Einar Mjølsnes.
Songen finn vi på kassetten: *Margreta Opheim,* Mo 1983.



«Erindring III»

JIFTA DEG JENTA



OPPSTILLING	I ring med færøytaket
STEG	Attersteg, slengsteg (Ss), gåsteg I (S)
Takt 1 - 2	ATTERSTEG Alle dansar 1 attersteg og to sviktar av neste.
Takt 3" *(byssan) lullan, lullan"*	2 SLENGSTEG Alle dansar 2 slengsteg. Dei startar med venstre fot.
Takt 4 *"lullan, lullan, lei."*	GUT OG JENTE BYTER PLASS - JENTA TIL VENSTRE - 4 GÅSTEG. Gut og jente byter plass. Jenta dansar til venstre framom guten. Ho svingar seg ein gong rundt mot sola på 4 gåsteg og inn att på ringen til venstre for eigen gut. Guten trør stega på staden. Begge tek til med venstre fot.
Takt 5 - 6 *"Kjeme da eit mannabein ...."*	I RING MED ATTERSTEG Alle tek saman i ring med ny dansar og dansar 1 attersteg og 2 sviktar av neste.
Takt 7 *"(byssan) lullan, lullan"*	2 SLENGSTEG Alle dansar 2 slengsteg. Dei startar med venstre fot.
Takt 8 *"lei."*	RUNDT ALEINE MOTSOLS - GÅSTEG Alle slepper taket og dansar ein gong rundt på staden mot sola på 4 gåsteg. Dei tek til med venstre fot. Dei held fram med neste vers utan stogg.

JIFTA DEG JENTA

1. Nei, jifta deg jenta, da raor eg deg ifrao,
   - *byssan, lullan, lullan, lullan, lullan, lei.* -
   Kjeme da eit mannabein du bite inkje pao!
   - *Byssan lullan - lullan - lei.* -

2. Somme e' lure å slue å rao,
   andre ubjaodele vansjele føstao.

3. Somme ve berre onde fedlen deg fao,
   andre e' nett so ein jokle taka pao.

4. Somme e' nett so ein hesjastaur å sjao,
   andre e' ronde kan ofta tridla tao.

5. Somme ha vansjele fø å fao da te å gao,
   andre treng du berre kitla litavetta pao.

6. So jifta deg jenta, da raor eg deg ifrao,
   da vette inkje anna enn naue å fao!

2. ***ubjaodele vansjele føstao:*** svært vanskeleg å forstå - 3. ***jokle:*** istapp - 6. ***naue:*** berre sorgen / nauda

OPPLYSNINGAR

Denne visa har etterkvart vorte svært godt kjent. Vi har funne eldre tekst- og melodivariantar frå Sogn og Hordaland med namnet; "Te gifta seg tidleg". Desse varierer i melodi og i verselengd; det har tydeleg vore eit populært tema. Denne forma har likevel ein heilt spesiell historie: "Jifta deg jenta" vart skriven i 1971 på restauranten "Holbergstuen" i Bergen av tre hardingatauser som kalla seg "Hordabanden". Desse tre framførte visa på ein Ofsefest i Hulen (tilskiping av Studentmållaget i Bergen) til enorm applaus. "Hordabanden" song m.a. eigne og andre sine viser frå Hardanger på ulike arrangement i Bergen på byrjinga av 70-talet. Seinare har visa vandra, og vorte mykje brukt. Her har vi nytta tilnærma originalutgåve.

Dansemåten og transkribsjon er gjort av Steinar Øydvin i samband med øvingar i Hardangerringen. Sjå òg *Syng Meir*, Det Norske Samlaget, Oslo 1982 s.105.

OM SIDER (SIDERVISO)

Han Paodl ha eit eldgamalt suraplatre
so lute seg ut yve hytto.
Naor eple e gjore, so dette dei ne
å dao e han Paodl dar me bytto.
Han pitla dei oppi å fær dei i sekk
å sete dei varle i kjedlaren vekk.
Han ha visst eit håp, å han synge ein gong:
Om sider, om sider te vaoren ein gong.

Visst grannen e bli å han fær seg ein dram,
so kan da seg laga me pressing.
I kveldingje finne me reiskapen fram
å hjelpest med lessing å klessing.
Da e litt tao eit tetak, å notte ho qaor
me safte ho drype so rein å so klaor.
Å me fær eit håp å me synge ein song.
Om sider, om sider te vaoren ein gong.

Ballongo e klar å ho fydlest so smaott
me saft å me sukker å vatn.
Da potla å gjenge, å gjenge da godt
so vette da ikkje fe katten.
Men tid mao da ha om da ska vetta bra,
da e freistande ofta å tappa å ta.
Men me ha eit håp, å me synge ein song:
Om sider, om sider te vaoren ein gong.

Pao Skjertorsdagsafta dao braka da laust
fø dao ska da prøvast i kruset.
Da e langsama tider te vaor i frao haust
naor du gjeng å venta på ruset.
Men her ska eg sei da vatt styrkje å smak,
ein kjenne seg sprek om ein før tottest spak.
Han Paodl livna te, å han synge ein song:
Om sider, om sider te vaoren ein gong.

Å du vette sterke, å du vette stor,
å du vette fine å sjao te.
Å du vette rike pao pengar å jor,
å dao kan du gjedna ve kaote.
Men ve litt føsiktig da raor eg deg te,
da teke i legger, da teke i kne.
Å sko du no kobba, so prøv med ein song:
Om sider, om sider te vaoren ein gong.

Bjarne Ljones